

NR. 06:2007 (DESEMBER 2007 - JANUAR 2008)

TIDSSKRIFT FOR JAZZ OG ANNEN RYTMISK KVALITETSMUSIKK LØSSALG KR. 50.-

jazznytt

ROBERT WYATT

ARNE BENDIKSEN / JON HASSELL / PAAL NILSSEN-LOVE / FRØY AAGRE / KRISTOFFER LO / FREDRIK LUNDIN PÅ ØDE ØY
NORSK JAZZ I TYSKLAND / BALLADES JAZZKANON/ LET'S TALK ABOUT... MICHAEL BRECKER / SORTLAND JAZZWEEKEND
JAZZBRE I PERPIGNAN / SKOPJE JAZZFESTIVAL / TAMPERE JAZZ HAPPENING / ANMELDELSER / STEMMEN FRA ØSTFRONTEN






STEMMEN FRA RULLESTOLEN

Namnet Robert Wyatt er uløseleg knytt til Soft Machine - eit avantgardistisk psykedelikaband som prega den britiske rockescenen på 1960 og 70-talet. Han deltok på dei første utgjevingane til bandet, inkludert «Soft Machine Three», sett på av dei fleste som den beste utgjevinga deira. Her syng og spelar Wyatt trommer på «Moon in June». I 1973 drakk han seg sanselaus full på fest og fall ut av eit vindauge i 3. høgda. Etter det blei han lenka til rullestolen.

TEKST: STUART NICHOLSON OMSETJING: LARS MOSSEFINN
FOTO: ALFIE WYATT





Til venstre: Soft Machine anno 1970. Robert Wyatt i midten. Under: The Peel Session 1974



I ettertid har Wyatt helde fast ved den konstante eksperimenteringa som medverkande på innspelningar med alt frå Pink Floyd til Mike Oldfield og Björk. Heile tida har han vore politisk medviten. I 1983 kom han inn på Top 40 for første og einaste gong i karrieren med antikrigsballaden «Shipsbuilding», fort i pennen av Elvis Costello. Som venstreorientert, antirasist og anti-imperialist kjem politiske tema ofte til overflata i Wyatts eigen musikk.

Sjolv etter å ha passert 60 held den kreative raptusen fram med uforminska styrke. I 2004 var han nominert til ein «Mercury Prize», den gjevaste popprisen på dei britiske øyar, saman med namn som The Streets, Basement Jaxx og Amy Winehouse for albumet «Cuckooland». Det blei ikkje nokon pris på det avangardistiske albumet, men som Wyatt ironisk slo fast fekk dette tilstrekkeleg fart i platesalet «til å betala for eit sårt tiltrengt handikapbad».

Musikken hans, ofte med brillante og hardtslående tekstlar, blir ikkje kalla, men er jazz. Han følgjer ivrig med og kjøper mange jazz-CDar i månaden hjå den lokale plateforhandlaren i Louth i Lincolnshire der han bur saman med kona Alfreda «Alfie» Bengé. Han er ofte tilstades på konsertar og er ven med mange av dei fremste jazzmusikarane på øyriket. Fleire av desse har bidrege på eit eller fleire av dei 12 albuma han har gjeve ut i eige namn.

Domino

Etter å ha kome på kant med plateselskapet sitt i kjølvatnet av «Cuckooland», blei han signert av «Domino Records». Ikkje akkurat eit annonymt indie-selskap med listetoppar som Artie Monkey og Franz Ferdinand i stallen. «Domino»s grunnleggjar Laurence Bell byrja med å lisensiera obskure amerikanske utgjevingar for den britiske marknaden frå husveret sitt i Putney i London. Den enorme internasjonale suksessen til Artie Monkey forandra alt, og gav Bell fri-dom til å signera dei han ynskte. At

valet fall på ein 62 åring som spelte inn musikken sin på soverommet sitt gode 30 mil frå London, er eit klart teikn på at Wyatt framleis betyr noko som den monomane «singersongwriter» han er.

- Korleis blei du knytt til «Domino»?

- Heldigvis for oss var der ein forleggjar som jobba for «Ryko Disc», ein svært samvitsfull forleggjar, og han gjekk frå «Ryko» til «Domino» då «Ryko» blei raida av ukjende amerikanske spekulantar. Me hadde ein stad å flykta til, sa han, og spurde meg om eg ikkje kunne ta ein prat med «Domino». Med min kjennskap til selskapet fann eg det usannsynleg at dei ville ha ein på etiketten som var tre gonger så gamal som alle dei som var på etiketten frå før. Me kom godt overeins og dei redda meg. Eg er svært takksam!

«Comic Opera»

- Korleis blei «Comic Opera» til? Blei kvar enkelt song til først og så sette du dei inn i tre suitar?

- Ja, nett slik. Det er tenkt å vera ei reise i lyd, men så mykje sagt, må det leggast til at enkelte tema refererer til musikken og teksten. «Comic Opera» er delt inn i tre akter. Første akt heiter «Lost in Noise» og handlar om eit par som skliar frå kvarandre, ulike måtar relasjonar kan gå i oppløysing. Første songen, Anja Garbarek-songen «Stay Tunes», er litt tvetydig. Den andre, Alfies song, «Just As You Are» handlar om svik, og den tredje «You You» handlar om å drøyma om nokon når ein vaknar. Den fjerde «A.W.O.L.» dreiar seg om smerteleg tap - å sjå for seg nokon med Alzheimer som har mista minnet. For nokon som er på feil side av dei seksti, på feil side i høve til perspektivet frå ungdomskulturen er dette eit tema med stadig skarpere brodd. Eg skal ikkje ta for meg heile albumet på denne måten, men eg kjem i hug ei rekke hendingar i andre akt som heiter «The Here And Now»: Her er det ein fyr som er ute på ei pilgrimsreise og ser etter ein plass å slå seg ned. Han ser seg om i England, denne rare og litt gamaldagse plassen - ein plass

ein kan få fnatt av, kanskje, men så hugsar han at landet er i krig og drep tusenvis, torturerer dei og Gud veit kva anna. Han blir så deprimert. I tredje akt, «Away with The Fairies» gjev han det engelske på båten og blir borgar av ein imaginær dimensjon der andre moglegheiter blir ein realitet.

- Eg lurte på grunnen til at han gav det engelske på båten! Tilbake til første akt og komposisjonen «Just As You Are». Eg elsker trompetsoloen din der og lurer på kva bakgrunn du har som trompetar?

- Litt pussig det der. Som tenåring gjorde eg det forferdeleg dårleg på skulen, men eg var med på ein del valfagsaktivitetar som innebar at eg prøvde meg på fiolin. Det var ikkje instrumentet som sådann som plaga meg, men musikken, tolkinga av musikken gjorde meg deprimert. Til far min si store fortviling droppa eg det og bytte fiolinen mot ein trompet. Eg må med skam vedgå at eg ikkje fekk fatt i det av just same grunn. Eg likte å spela instrumentet, men fiksa ikkje å lesa 'blekkene', så eg slutta, men eg bar i meg gode minne om faktisk å laga lydane. I ungdommen brukte eg i mange år å ha eit trompetmunestykke i jakkelomma. For ti år sidan fann Alfie ein gamal trompet i baggasjerommet på ein bil, trur eg, og ho spurde om eg ikkje ville prøva meg på denne. Ho likar å finna ting som eg kan spela på. Eg fann slik glede i å spela at eg tok bryet med å utvikla min eigen teknikk, kva tonar som var kor. Så stor glede har eg hatt av å spela instrumentet at eg har spelt på dei siste platene mine frå og med «Sleep» i 1997. Hobbyen min no er å spela Sarah Vaughan-plater og læra n minera på den politiske arena på forferdelegaste vis, blir dette for meg ei present og sterk uro.

- Og «Mob Rules» handlar om det absurde i å gå til krig?


- Ja, eg er glad du la merke til det. Den tek utgangspunkt i å gå inn i demokratiske prosessar ved å gå på lokalpolitiske møte. Det er som mangt eg skriv - det byrjar med noko spesifikt lokalt, men eg inkluderer det berre i den grad det resonnerer utover det private. Ein

eller annan skreiv om makt at ein nøkkelfaktor i er å få folk til å kjeda seg til underkastning. Har du nokon gong vore på eit lokalpolitisk møte forstår du at dette er ei treffande beskriving av korleis dette fungerer. D.v.s. - etter ei stund sluttar du å gå på slike møte. Folk seier at om du er så oppteken av politikk, kvifor går du ikkje inn i politikken på heiltid. Det ville vore så kjeamt at eg ikkje kunne ha helde meg vaken på slike møte. Det er no mi roynsle, i alle fall. Så der er me - i rein keisemd har me lete oss underkasta dei som held det ut. Dei keiar kvarandre heilt til alle har falle i søvn - og dei styrer verda.


Komposisjonsprosessen

- Kan du seia noko om den kreative prosessen når du skriv ein song. Dei framstår alle som komplette musikalske skapningar, så detaljrike. Høyrer du dei for deg slik når du komponerer, eller utviklar du dei i studio til det kjemst rett?

- Du har rett i det første. Eg kjenner det på meg når eg har noko. Om det ligg i teksten, melodien eller i ein akkord, eller vonleg i ein kombinasjon av desse, har eg noko levande, noko reelt eksisterande, eit verkeleg såkorn. Om det hadde blitt sådd, hadde det blitt ein plante av det. I den forstand er det fastlagt. Eg tek ikkje ikkje tak i noko i vona om... Oi! Det var ein fin akkord. Kanskje eg kan bruka han til noko. Det må vera meir enn det. Når eg skriv heime, veit eg at det er noko der. Det må berre avdekkjast. Eg har ikkje prosedyrar utover det. Eg skulle ynskt eg hadde, for då hadde eg laga mange fleire plater. Nokre av desse ideane må hengja saman i ein slik grad at eg er trygg nok til å ta dei med til studio og få hjelp av andre musikantar. Har eg ein låt, men ikkje finn heilt ut av det, trør Alfie stottande til med tekst som me testar ut, og spør: «Har du noko i deg. Av og til har eg ein lapp med tekst som Alfie har skrība ned i dagboka si. Eg låner dette, og spør: «Har du noko i mot at eg nyttar dette som grunnlag for ein song?» Så rettner fins ikkje. Det liknar meir på å samla rekved enn å komponera, ærlig talt.



FOLK SEIER AT OM DU ER SÅ OPTEKEN AV POLITIKK, KVIFOR GÅR DU IKKJE INN I POLITIKKEN PÅ HEILTID. DET VILLE VORE SÅ KEISAMT AT EG IKKJE KUNNE HA HELDE MEG VAKEN PÅ SLIKE MØTE. DET ER NO MI RØYNSLE, I ALLE FALL. SÅ DER ER ME – I REIN KEISEMD HAR ME LETE OSS UNDERKASTA DEI SOM HELD DET UT. DEI KEIAR KVARANDRE HEILT TIL ALLE HAR FALLE I SØVN – OG DEI STYRER VERDA.



JAZZNYTT [18]

Coveret på Wyatts
seneste CD
«Comic Opera»



På Top of the pop
på BBC 2



- «On Town Square» spelar Gilad Atzmon saksofon. Kan du seia noko om korleis dette samarbeidet kom i stand?

- Eg blei varsla om Gilad - Eg trur det er rette måten å seia det på! Varsla av jazzkritikaren i «The Morning Star», ei lita, men perfekt utforma avis på venstresida. Han sa: «Har du høyrte Gilad? Har du høyrte han spela? Har du høyrte han snakka? Har du lese det han skriv? Han er ein ekstraordinær mann». Eg høyrde han på konsert og lytta til eit par CDar, og - fantastisk! I byrjinga tenkte eg at han måtte vera ein slags «Don Quixote»-karakter. Kva er det som skjer? Ein heilt annan angrepsvinkel. Me er vane med komikarar som går laus på politikk. Dei er ofte meir seriøse enn politikarane, og politikarane er ofte heilt ufrivillig meir morosame enn komikarane. Forst og fremst blei eg som musikal slått av klarinettspelet hans. Han hadde ein spesiell autoritet frå Levanten i spelet sitt. Han hadde tydelegvis lytta til arabisk eller det me kallar musikk frå Midtausten. Samstundes kunne han som det mest naturlege servera ein Benny Goodman-solo, noko som er ganske uvanleg, for ikkje å seia heilt unikt. Eg høyrde han live, og han hadde verkeleg lete seg utfordra av det kvitglodande i ein Coltrane-solo også. For å setja kruna på verket er han svært morosam på eit modig vis. Ikkje på Ronnie Scotts måte. Meir likt Mort Sahl eller ein av desse komikarane som presenterte svart humor på 1950 og 60-talet, Lenny Bruce, slike typar. I staden for å snakka om Amerika, snakka han om Israel, heimlandet sitt, noko som gjev han haugevis med fiendar. Når eg spurde om han kunne gjera noko for meg, svara han: «Å arbeida med meg, kan skaffa deg ein masse problem». Eg svara Gilad: «Du kjenner ikkje meg. Eg var med i kommunistpartiet i 10 år. Eg kjenner bråk! La oss skapa ein allianse av utsoynte, og kom og hjelp meg å laga nokre plater». Noko han gjorde til gagns. Han er ein fryd å arbeida med. Han elsker å spela. Eg har nettopp fått den siste CDen hans «Refuge». Det er ei heilt nydeleg plate med kvartetten hans, eit meisterverk. I ei rettviss verld burde denne mannen ha vore j....

berømt. Herregud! Gilad angrip eigentleg tredje verdskrigen. Gudane skal vita at han har ting på gang.

Folkelege element

- Eg la merke til at du i eit intervju siterte Mingus, som sa at om musikken mista rutene sine i song og dans, så var den ikkje viktig lenger. Kan du utdjupa dette?

- Eg er glad du tok opp dette. Når eg tenkjer meg om, så får alle slike forbudsutsegner det til å skurra i meg. Eg er samd med Charlie Parker, reglar fins ikkje i det heile. Eg er overraska over at eg sa det. Det eg kan seia er at eg personleg får pustevanskar om eg ikkje finn noko som relaterer seg til song og dans i eit musikkstykke. Det er det heile. Til sjuande og sist er det folkelege elementet avgjerande for ein som kom inn i musikken via rockegrupper og ikkje via konservatorium eller intellektuelle sirklar. Eg må høyra det, og det gjer eg - i Stravinskij's «Värofferet». Ein fagott innleier - tydelegvis med ein russisk folkemelodi. Det er byrjinga av «Värofferet». Der har du folkemusikk. Det næraste me kjem dette no er i popmusikken, som faktisk talar til folk. Folk som er skrudd saman på ein måte som MacDonald's ville ha beundra. Mi meining er no at dei som brukar folkemusikken, spelar verkeleg musikk. Og i hove til dansemusikken er det ikkje mogleg å svara på. Om nokon spelar og lokalet er fullt av dansande, så er det eit vakkert syn og noko ein ikkje kan argumentera imot. Musikk kan vera så mykje anna når eg tenkjer etter. Fjernt i slekt på ein måte, men om du som dome ser på transen i Sufi-tradisjonen, der dei virvlende dervish'ane er ein kitsch måte å fortelja kva det går ut på, så når dei ein slags ekstase, og det fenomenet er i mange typar musikk jorda rundt - Afrika, Det fjerne austen og James Brown. Den mest seriøst Sufi-inspirerte musikaren eg kjenner, er Evan Parker. Parker spelar til domes ikkje noko du ville forbinda med ein låt, og ikkje kan du dansa til det, men det er utan tvil sterkt og viktig det han held på med. Så dette er mitt høve til å modifisera det sitatet frå meg som du

refererte. Det næraste eg kjem dette i mine ting er å få Orphy Robinson til å spela duett med seg sjølv på kuttet «Pastafari» (på «Comic Opera») og eg la på eit rytmespor i 7/4. Det er ein takt og eit tonalt senter der, men som med Eric Dolphy, som smett inn og ut av det rytmiske og harmoniske, det er der heile tida ein eller annan stad.

Reisa vidare

- Det er det 12. albumet ditt - ei musikalsk reise - men kor frå og kor går reisa?

- Det var eit hyggeleg spørsmål, merkeleg nok ganske introspektivt. Dette vil berre halda fram. Du veit, ungar har kjemisset. Kva skjer om ein har sennep og appelsinju i ein bolle med svovel-syre. Det held eg på med - å blanda ting som normalt sett ikkje ville blitt blanda. Kva skjer om ein får Orphy Robinson på oljefat og Gilad på tenor? Korleis ville det bli om eg prøvde å syngja på eit språk eg ikkje kan, italiensk til dømes? Kva skjer om eg får ei ung, kinesisk jente frå Manchester til å syngja som ein teremin på Anja Garbarek's song? Kva skjer med Paul Weller om du tek vekk den rocka rytmeseksjonen. Det er berre spanande å sjå kva som skjer. Det er ikkje ein freistnad på å skapa nyhende eller skapa noko av ingenting. Det er berre å sjå kva som skjer når ein set dette saman med noko anna.

- Er du overraska over at det er blitt 12 album?

- Det visste eg ikkje. Eg er overraska over å ha levd så lenge, så - ja!

- Kor vil musikken ta vegen i framtida?

- Det var noko som slo meg med folkemusikk. Eg har alltid skydd den. Eg har sett på det som eit lett bedragerisk omgrep, men eg vart skaka og rørt av Rachel Uthank og plata «The Bairns», eit album av ei folkemusikkgruppe frå Northumberland. Eg høyrde på den fordi dei gjer ein av mine låtar, men hovudsakleg spelar dei folkemusikk både frå by og land. Eg har verkeleg tenkt på dette. Eg har møtt Billy Bragg for grunnleggjande å forstå ulike lands

folkemusikk og den djupare meininga med den. Den har autoritet og er ein del av historien, men eg veit ikkje heilt kva eg vil med det. Eg tenkjer seint. Eg køyrer alltid turistvegen for å koma frå A til B.

- Det er eit stort potensiale å gravu fram. Eg tenkte på Jan Garbarek som inkorporerer joik i si frasering.

- Det stemmer, og eg beundrar han mykje. Det er eit hyggeleg samantreff at eg jobbar med ein av songane til dotra hans på «Comic Opera». Eg møtte Jan på ein jazzfestival i London, og eg nemnde at eg nyss hadde lytta på noko frå Anja Garbarek's plate. Eg fortalde at ho hadde sendt meg plata, og låtane var heilt fantastiske, og at eg hadde lyst å gjera ein av dei på mi neste plate. «Gjer det!» sa han. Så eg tenkte, greit, Jan Garbarek har sagt at eg skal gjera det så det held for meg. Som sagt så gjort, og den var så passande at eg plasserte den først for den slår an tonen mykje betre enn noko eg kunne ha skrivt sjølv!

- Ein del jazzmusikarar har sagt at dei nyttar element frå sin eigen folkemusikk for ikkje å høyra amarikansk ut.

- Det plagar ikkje meg. Tidllegare song eg som ein amerikanar. Vel, ikkje som ein amerikanar, men som ein som syng som amerikanarar, slik som Van Morrison eller fyren frå Small Faces (Rod Stewart), men eg svitsja til cockney etter ei stund! Som Ray Davies og hans like. Eg kan ikkje syngja med annan aksent enn den eg snakka på skulen i East Kent blanda med mor mi sin BBC-variant av engelsk. Eg likar også Noel Coward, ein skikkeleg overklasse engelskmann. Så temaet kvernar i hovudet mitt. Eg var aldri særleg interessert i song. Det var ein grunn for å sleppa å læra seg å spela eit instrument, men no er eg interessert i det som eit instrument i seg sjølv. Så eg lyttar songarar. Folkemusikken har kome øvst på saklista.

- Me avventar med interesse utvikinga.

- Eg seier berre at eg for augneblinken er interessert. Har ikkje ide om kva det vil føra til, men det optek meg.